

Referansegruppa i arealstrategiarbeidet var samla til oppstartmøte søndag. Torunn Åsheim frå Multiconsult og Karin Thauland og Anbjøn Høivik var med frå den kommunale prosjektgruppa. Tema på dette fyrste møtet var drøfting av mål og kva arbeidsmetode ein vil bruka i det vidare arbeidet.



Ein legg vekt på opne prosessar der medlemmene i gruppa melder tilbake til sine lag og verksemder og kjem med innspel på felles møte.

I tillegg vert det lagt opp til opne temamøte. Eit aktuelt tema er jordvern i sentrum. Bondelaget saman med Uskedal utvikling er tilskipar for dette alt i mars månad.

Merknader og innspel undervegs kan sendast til kommunen ved Karin Thauland

Referansegruppa

Tekst og foto: Referansegruppa og Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen